



NOREGS HØGSTERETT

D O M

sagd 26. juni 2020 av Høgsterett i avdeling med

dommar Magnus Matningsdal
dommar Wilhelm Matheson
dommar Per Erik Bergsjø
dommar Ingvald Falch
dommar Borgar Høgetveit Berg

HR-2020-1351-A, (sak nr. 20-042708STR-HRET)
Anke over Gulating lagmannsretts dom 4. mars 2020

A (advokat Arild Christian Dyngeland)

mot

Påtalemakta (statsadvokat Birgitte Budal Løvlund)

R Ø Y S T I N G

(1) Dommar **Høgetveit Berg:**

Spørsmålet i saka og bakgrunnen for henne

- (2) Saka gjeld straffutmåling for ran og trugsmål – og særleg spørsmål om kva for prinsipp som gjeld ved omgjering av ungdomsstraff som fylgje av nye strafflagde handlingar før utløpet av gjennomføringstida, jf. straffelova § 52 c.
- (3) A vart 23. april 2019 saman med ein annan person tiltalt for ran og trugsmål eller medverknad til dette, jf. straffelova §§ 327 og 263, jf. § 15. I tillegg vart A tiltalt for ulovleg erverv eller oppbevaring av narkotika eller medverknad til dette, jf. straffelova § 231 fyrste ledd, jf. § 15.
- (4) Grunnlaga for tiltalepostane I a og b om ran er skildra slik:

«a)

Gjelder begge

Tirsdag 18. desember 2018 ca. kl. 22.00 i ---veien 00 i X, tok de seg inn i leiligheten til B. De rettet våpen mot B hvorpå A deretter truet B med seg inn på et soverom, slo ham i bakhodet med våpenet, sparket ham gjentatte ganger i kroppen og/eller mot hodet og uttalte bl.a. ‘du skal dø’ eller lignende mens [den andre gjerningsmannen] ble værende i stuen og holdt kontroll på øvrige personer i leiligheten nevnt i post I, grunnlag b, post II, grunnlag b, og post II, grunnlag a. De forlot deretter leiligheten, etter å ha bemektiget seg 1 stk citizen klokke, 1 stk samsung galaxy S7 mobiltelefon, 1 stk jakke, ca. 15.000,- i kontanter tilhørende B.

b)

Gjelder begge

Til tid og på sted og under omstendigheter som beskrevet under post I, grunnlag a, rettet de skytevåpen mot C og beordret henne til å se ned i sofaputene, og bemektiget seg derved en jakke tilhørende C eller medvirket til dette.»

(5) Grunnlaga for tiltalepostane II a og b om trugsmål er skildra slik:

«a)

Gjelder begge

Til tid og på sted og under omstendigheter nevnt i post I, grunnlag a og grunnlag b, satte de et skytevåpen mot hodet til D og beordret D å legge seg med ansiktet ned i sofaen eller medvirket til dette.

b)

Gjelder begge

Til tid og på sted og under omstendigheter som beskrevet under post I, grunnlag a og grunnlag b, rettet de skytevåpen mot E også ved å dytte løpet på våpenet i bakhodet hennes og beordret henne til å legge seg med ansiktet ned i sofaen, eller medvirket til dette.»

- (6) Grunnlaget for tiltalepost III om ulovleg erverv eller oppbevaring av narkotika er skildra slik:

«Under omstendigheter beskrevet i post I, grunnlag a, bemektiget han seg også ca. 20 gram marihuana og ca. 20 gram hasj som han brakte med seg hjem til sin bopel og oppbevarte vidare eller medvirket til dette.»

- (7) Stavanger tingrett sa 4. oktober 2019 dom med mellom anna slik domsslutning for A:

«1. A, født 00.00.2000, dømmes for

- to overtredelser av straffeloven § 327, jf. § 15
- to overtredelser av straffeloven § 263, jf. § 15
- en overtredelse av straffeloven § 231 første ledd, jf. § 15

til fengsel i 3 – tre – år og 9 – ni – måneder, jf. straffeloven § 79 bokstav a, som fellesstraff med Stavanger tingretts dom av 21.06.2018, jf. straffeloven § 52 c.

Varetekt kommer til fradrag med 345 – trehundreogførtifem – dager, jf. straffeloven § 83.»

- (8) I tillegg vart A og den medtiltalte for tiltalepostane I og II dømde til å betale oppreisning til B, C og E. Tingretten sette straffa for dei nye forholda til fengsel i eitt år og ni månader og la til tidlegare idømt subsidiær fengselsstraff med to år, jf. straffelova § 52 c og § 79 bokstav a, slik at den samla straffa vart fengsel i tre år og ni månader.
- (9) Den tidlegare dommen på ungdomsstraff, som vart gjort om til ein del av den samla straffa, var Stavanger tingretts dom 21. juni 2018. Denne dommen, som gjaldt to ran, utmålte fellesstraff med Stavanger tingretts dom 20. desember 2017 som gjaldt tre ran.
- (10) A anka dommen til Gulating lagmannsrett. Anken gjaldt tingrettens rettsbruk knytt til tiltalevedtakets post I b, straffutmålinga og oppreisninga. Lagmannsretten slutta seg til tingrettens straffutmåling og forkasta anken i dom 4. mars 2020.
- (11) A har anka lagmannsrettens dom. Anken gjeld straffutmålinga, og Høgsteretts ankeutval har fremja anken til handsaming i Høgsterett.
- (12) Ankesaka er gjennomført ved fjernmøte, jf. mellombels lov 26. mai 2020 nr. 47 om tilpassingar i prosessregelverket som fylgje av utbrotet av covid-19 m.m. § 3.

Mitt syn på saka

Straffa for dei nye forholda

Ranet av B

- (13) Eg ser fyrst på kva som er passande straff for dei ranshandlingane med meir som er omfatta av tiltalen frå våren 2019. Tingretten fann fylgjande prova ut over all rimeleg, fornuftig tvil:

«Tirsdag den 18. desember 2018 om kvelden var B, C, D og E hjemme hos B i hans leilighet i første etasje i ---veien 00 i X. De så på TV og hygget seg. Ca. kl. 22.00 banket det på terrassedøren tre ganger, så ble døren åpnet og de inne i leiligheten så først en pistol som pekte mot dem. To personer kom inn. Det var de to tiltalte. De hadde hettegensere og skjert eller lignende foran ansiktet, slik at bare et parti rundt øynene var synlig. De pekte med det som så ut som ekte pistoler mot personene i leiligheten og ropte 'legg dere ned' og 'se ned' eller lignende, og D og E fikk en pistol satt mot hodet. De fire i leiligheten gjorde som de ble bedt om.

A pekte med våpenet mot hodet til B og kommanderte ham til å reise seg og gå inn på soverommet. Inne på soverommet slo A B i bakhodet med våpenet og sparket og slo B i hodet og på kroppen gjentatte ganger, alt mens han lette i skuffer og skap og spurte 'hvor er pengene dine' o.l. og truet med å drepe ham. Tiltalte fant og tok med seg penger – kr 2 500, en klokke, en telefon, jf. post I a, marihuana og hasj som nevnt i post III som tilhørte B, og en jakke som tilhørte C, jf. post I b. B var livredd. Han forsøkte etter hvert å forsvare seg og slå tilbake. Han fikk på et tidspunkt revet bort As tildekking av ansiktet og gjenkjente ham.

[As medtiltalte] holdt de tre andre i sjakk med våpenet mens A og B var inne på soverommet. Han kommanderte dem til å bli liggende nede og se ned, og sa at ingen ville bli skadet om de holdt seg i ro. De hørte lyder fra soverommet, og at B ble truet og bl.a. sa at han ikke hadde mer og 'ikke skad meg' eller lignende. På et tidspunkt ba [den medtiltalte] hver av de tre se på ham og spurte om de kjente ham – det gjorde de ikke.»

- (14) Ranet av B er leiande for straffutmålinga. Ransutbyttet var ikkje stort. Ved utmålinga kjem likevel brutaliteten i handlingane, den fysiske integritetskrenkinga og trugsmålet om drap meir i framgrunnen enn utbyttet. B vart utsett for slag, spark og trugsmål om drap. Ranet bar preg av å vera planlagt og vart gjennomført med eit klart forsett. Gjerningsmennene var maskerte og nytta pistoletterlikningar. Våpenetterlikningar kan ikkje reknast som skytevåpen etter straffelova § 328 om grovt ran, men bruken av slike gjer at handlinga ligg i øvre sjikt av vanleg ran. Ranet skjedde i Bs heim, noko som er skjerpande, jf. mellom anna Rt-2011-721 avsnitt 12 og Rt-2012-283 avsnitt 24. Det er vidare eit skjerpande omstende at ranet vart utøvd av fleire i fellesskap, jf. straffelova § 77 bokstav f. Det er tilstrekkeleg at det var to ransmenn for at denne regelen kjem i bruk, jf. HR-2019-1644-A avsnitt 17. Det er også skjerpande at A er tidlegare dømt for ran, jf. straffelova § 77 bokstav k. Barnekonvensjonen er her ikkje til hinder for å leggje vekt på forhold frå før fylte 18 år, jf. HR-2018-2096-A.
- (15) Eg nemner for ordens skuld at det ikkje kan ha noko å seia for utmålinga av ranshandlingane at A var 18 år og 5 månader på gjerningstidspunktet. Når lovbrottet skjer etter fylte 18 år, og ikkje før, skal det vera «ein markert skilnad i val av reaksjon», jf. Rt-2011-206 avsnitt 22. Synspunktet er gjentatt i Rt-2012-1322 avsnitt 15, Rt-2014-346 avsnitt 19 og HR-2018-847-A avsnitt 27.
- (16) For den konkrete utmålinga finn eg det tenleg å ta utgangspunkt i eit ran omtalt i Rt-2013-718. Saka gjaldt straffutmåling for ei rekkje ran på Grünerløkka i Oslo hausten 2011. Fleire yngre menn hadde vorte overfalne og tvungne til å gje frå seg bankkort, mobiltelefonar og andre verdisaker. Eitt av rana – der straffa isolert vart vurdert til fengsel i eitt år og seks månader – liknar mykje på ranet i saka vår, sjølv om det ikkje var eit heimeran, men utbyttet var høgare, sjå avsnitt 48:

«Det første ranet skjedde 17. september 2011 klokken 02.05 i Brenneriveien 0. Den fornærmede, som var på vei hjem fra fest, ble oppsøkt av en ung mann som spurte etter lighter. Plutselig trakk mannen opp en softgun. Deretter kom det til ytterligere to unge menn, og fornærmede ble ført nedover veien. Han fikk et slag i bakhodet med pistolkolben og deretter ett eller to slag ved tinningen. Så ble han dratt bak en container og blant annet fratatt 200 kroner i kontanter, et bankkort, et kredittkort og en mobiltelefon. En av ranerne pekte mot hodet hans med pistolen for å få ham til å oppgi pin-koden. En annen løp så for å ta ut penger på kortene mens de to andre ble igjen. Den ene av disse to pekte fortsatt på fornærmede med pistolen. Den fornærmede ble også spurt om hjemmeadressen. Frihetsberøvelsen varte i 15 til 20 minutter. Ranerne tok ut til sammen 30 000 kroner på kortene og fikk dessuten utlevert varer for nesten 9 000 kroner.»

- (17) Eg viser også til HR-2019-2390-A. Her vart det teke utgangspunkt i ei straff på fengsel i eitt år og fire månader for eit ran som eg meiner er noko mindre straffverdig enn ranet i saka vår, sjå avsnitt 12:

«A er domfelt for to ran. Det grove ranet i tiltalen post II a ble begått fredag 22. september 2017 på Z skole i Oslo, der flere ungdommer var samlet på fest. Lagmannsretten fant det bevist at A i løpet av kvelden oppsøkte fornærmede N11 og ba ham gi fra seg mobiltelefonen. Da N11 ikke gikk med på dette, sa A at 'enten gir du meg telefonen eller så henter jeg folk med kniv'. N11 ga fortsatt ikke fra seg telefonen. A tilkalte da to kamerater. Den ene trakk frem en kniv og rettet denne mot N11. Gutten som holdt kniven, sa 'du kjenner meg ikke, jeg stabber deg' og spyttet N11 i ansiktet. Kniven ble deretter holdt opp mot halsen til N11, mens A tok mobiltelefonen. N11 ble deretter spurt om koden til telefonen og oppga denne.»

- (18) Etter dette meiner eg at straffa for tiltalepost I a, ranet av B, isolert bør vera fengsel i eitt år og seks månader.

Dei andre tiltalepostane

- (19) For tiltalepost I b var ransutbyttet magert. Men også denne krenkte, C, vart truga med ei våpenetterlikning. Ho høyrde verten B bli utsatt for vald. Forholdet har visse likskapstrekk med heimeran, sidan det skjedde i ein privat heim der den krenkte var på besøk. Eg meiner straffa for dette forholdet isolert bør vera noko over eitt års fengsel.
- (20) Trugsmåla mot gjestene D og E, tiltalepostane II a og II b, skjedde samstundes med at verten B og gjesten C vart utsett for rana i tiltalepostane I a og I b. Utgangspunkt kan etter mitt syn takast i Rt-2008-401 avsnitt 12. Her hadde ein person som ikkje kunne legitimere seg på korrekt måte, vorte nekta uttak på eit postkontor. Han sette då fram trugsmål mot funksjonæren, mellom anna «du skal dø». Høgsterett kom til at det var tale om eit drapstrugsmål, sjølv om trugsmålet var spontant og utan tankar på realisering. Høgsterett la til grunn at trugsmålet slik det konkret var sett fram, var i nedre sjikt av eit utgangspunkt på 15 til 30 dagars vilkårslaut fengsel. Trugsmåla i vår sak skjedde i ein privat heim der dei krenkte var på vitjing, og vart sett fram av maskerte gjerningsmenn som for dei krenkte framstod som væpna. Trugsmålet må definitivt ha vore eigna til å framkalle alvorleg frykt for dei krenkte. Ut frå desse omstenda er tingrettens utgangspunkt på rundt 60 dagar vilkårslaut fengsel for kvart av forholda i alle fall ikkje for lågt.

- (21) Narkotikalovbrotet i tiltalepost III er eit bøteforhold. I saka her blir det eit straffskjerpande element i den samla utmålinga.
- (22) Samla straff for dei andre tiltalepostane enn post I a bør såleis vera fengsel i nærare eitt år og seks månader.
- (23) Ut frå prinsippet i straffelova § 79 a meiner eg den samla straffa for dei nye forholda, før formildande omstende, bør vera fengsel to år og tre månader.

Tilståingsfrådrag

- (24) A har tilstått. Frådrag i straffa etter straffelova § 78 bokstav f fyrste alternativ føreset ei «uforbeholden» tilståing. Det fylgjer av praksis at vilkåret «uforbeholden» skal forståast på same måte som i straffeprosesslova § 248 om tilståingsdom, jf. til dømes Rt-2005-559 og seinast HR-2018-884-A. Tilståinga til A var ikkje avgjerande for oppklaringa av saka. Han vart attkjent under ranet då B reiv av han maskeringa. Det vart funne ransutbytte heime hjå han. I tingretten nekta A for at han hadde hatt våpen, at han hadde vore maskert, og at han hadde sett fram drapstrugsmål overfor B. På ingen av desse punkta vart han høyrd av tingretten. Tilståinga manglar såleis sentrale element og ville ikkje gjeve grunnlag for tilståingsdom. Frådraget i straffa kan etter mitt syn ikkje bli særleg meir enn ein tidel.

Delkonklusjon

- (25) Eg meiner på dette grunnlaget at dei forholda som er omfatta av tiltalen frå 23. april 2019, gjev ei samla straff på fengsel i to år.

Omgjering av ungdomsstraff etter straffelova § 52 c

Rettslege utgangspunkt

- (26) Straffelova § 52 c om omgjering av ungdomsstraff har slik ordlyd i fyrste til tredje ledd:

«Etter begjæring kan tingretten ved dom bestemme at hele eller deler av den subsidiære fengselsstraffen skal fullbyrdes når den domfelte har

- a) brutt bestemmelser gitt i eller i medhold av konfliktrådsloven § 31, eller
- b) begått en ny straffbar handling før utløpet av gjennomføringstiden.

Ved omgjøringen skal retten ta hensyn til ungdomsstraff som allerede er gjennomført.

Ved omgjøring etter første ledd bokstav b kan retten avsi samlet dom for begge handlinger eller særskilt dom for den nye handlingen.»

- (27) Ordlyden i straffelova § 52 c fyrste ledd bokstav b inneheld same formulering som straffelova § 52 fyrste ledd om omgjering av dom etter brot på vilkåra for samfunnsstraff eller etter nye lovbrot. Førearbeida, Prop. 135 L (2010–2011) side 132 og 166, føreset her ei parallell løysing med samfunnsstraff.

- (28) For samfunnsstraff kunne domstolane, før lovendring i 2005, ikkje la vera å omgjera etter brot på vilkåra for samfunnsstraff. Medan retten ved vilkårsbrot, etter det som i dag er § 52 fyrste ledd bokstav a, tidlegare hadde plikt til å gjera om til minst delvis vilkårslaust fengsel, har eventuell omgjering etter ny strafflagd handling heile tida vore overlate til rettens skjøn. Etter lovendring med verknad frå 1. januar 2006 er omgjering etter brot på vilkåra for samfunnsstraff også noko som det er opp til retten å bestemme, men hovudregelen er framleis at slikt brot fører til at den subsidiære fengselsstraffa må sonast fullt ut, jf. Rt-2007-635 avsnitt 8–10, med referanse til førearbeida i Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) side 302. Dommane i Rt-2008-865 avsnitt 13–14 og Rt-2011-657 avsnitt 14 byggjer på det same synet. Ei sentral avgjerd etter dette er HR-2016-799-A. Her er det i avsnitt 19 opna for eit «snevert» unntak ved feil frå styresmaktene, samstundes som det generelt er uttalt at det for personar under 18 år etter omstenda også kan gjerast andre unntak.
- (29) Narkotikaprogram med domstolskontroll er eit anna alternativ til vilkårslaust fengsel. Eg nemner difor at der den domfelte gjer nye lovbrot i prøvetida ved gjennomføring av slikt program, «kan retten avsi en samlet dom for begge handlingene eller en særskilt dom for den nye handlingen», jf. straffelova § 39 tredje ledd. For brot på vilkåra for dette straffeslaget inneheld straffelova § 39 andre ledd ein parallell til reglane i straffelova §§ 52 og 52 c. Til skilnad frå ein dom utan særvilkår inneheld vilkåret om narkotikaprogram plikter som grip inn i den domfeltes fridom, og som difor kan opplevast som byrdefulle. Ved avgjerda av kor stor del av fengselsstraffa som skal fullbyrdast dersom den dømde gjer nye strafflagde handlingar i prøvetida, fann Høgsterett i HR-2019-1757-A det naturleg å samanlikne med praksis ved nye strafflagde handlingar i prøvetida etter prøvelauslating. I slike tilfelle blir den samla straffa sett lågare enn summen av den resterande straffa etter den førre dommen og straffa for dei nye handlingane. I avsnitt 18 og 19 uttalar fyrstvoterande at det «samme må gjøres her», og at det «derfor [må] gjøres en samlet bedømmelse av de straffbare forholdene som inngår i fellesstraffen».
- (30) Også ved omgjering av ungdomsstraff etter straffelova § 52 c fyrste ledd bokstav b kan retten gje samla dom. Etter mitt syn viser førearbeida og gjennomgangen av dei andre straffeslaga at det ved nye lovbrot må vera høve til å gjera om heile ungdomsstraffa og fastsetja ei samla straff der delar av straffa blir gjord på vilkår, eller fastsetja ei samla vilkårslaus straff som er lågare enn summen av ny straff og attståande subsidiær straff. Om ein vel det fyrste alternativet, bør den samla straffa – vilkårslaust fengsel saman med fengsel på vilkår – innanfor summen av straffa for dei nye forholda og attverande subsidiær fengselsstraff setjast høgare enn der fengselsstraffa berre er vilkårslaus. Ved ei omgjering må det under alle omstende takast omsyn til gjennomført ungdomsstraff, jf. straffelova § 52 c andre ledd.
- (31) Eg understrekar at det er viktig med konsekvente reaksjonar mot nye lovbrot og brot på vilkår for gjennomføring av ungdomsstraff. Om det ikkje var slik, ville det over tid kunne føre til at ungdomsstraffa mistar den effektiviteten og legitimiteten som ordninga må ha, og som grunnjev at dette straffeslaget er eit alternativ til vilkårslaust fengsel.
- (32) I vurderinga av om og i kva grad omgjering bør skje, står omfanget av og grovleiken i dei nye strafflagde handlingane eller brota på vilkåra sentralt. Som framheva i Rt-2007-451 avsnitt 10 og HR-2019-1757-A avsnitt 19, skal det «ha konsekvenser av betydning» for den domfelte at han gjer nye lovbrot eller bryt vilkåra for dommen. I tillegg vil dei omsyna som elles gjeld ved straffutmåling vera relevante.

- (33) Det er alderen på gjerningstidspunktet som er avgjerande for om Grunnlova § 104, FNs barnekonvensjon artikkel 37 og 40 og straffelova § 33 kjem i bruk. Ved ungdomsstraff får den domfelte ein sjanse til å unngå fengselsstraff. Det er ikkje urimeleg om den domfelte må sone den subsidiære fengselsstraffa om han gjer nye lovbrott etter fylte 18 år. Dette inneber samstundes, om ein tenkjer det opphavlege valet av ungdomsstraff bort, at det ved omgjeringa må vurderast i kva grad ein fengselsdom ville ha vore heilt eller delvis vilkårslaus.

Den konkrete vurderinga

- (34) Ved omgjeringa skal det, som nemnt, takast omsyn til gjennomført ungdomsstraff, jf. straffelova § 52 c andre ledd. Ungdomsplanen for A gjaldt frå 7. juni 2018, noko som inneber at det har vore gjennomført ungdomsstormøte, jf. konfliktrådlova §§ 24 og 25. Det har likevel vore lite realitet i ungdomsstraffa i saka her. Eg er difor samd med aktor i at frådraget ikkje kan setjast til meir enn to månader. Sjå til samanlikning HR-2019-677-A avsnitt 34 om det tilsvarende spørsmålet ved omgjerjing av dom på vilkår om narkotikaprogram ved ny, strafflagd handling i prøvetida.
- (35) Forsvararen har, med referanse til HR-2019-2390-A, gjort gjeldande at A skal ha frådrag for opphald i barnevernsinstitusjon. Dette forholdet vart vurdert i Stavanger tingretts dom 21. juni 2018. Ut frå rettskraftomsyn meiner eg at dette omstendet ikkje kan vektleggjast meir ved omgjeringa.
- (36) Dette er As tredje ransdom. Stavanger tingretts dom 20. desember 2017 gjaldt tre ran i oktober 2016, medan dommen frå 21. juni 2018 gjaldt eitt ran i november 2016 og eitt ran i mars 2017. I det siste ranet hadde A og ein annan gjerningsmann, med trugsmål om bruk av kniv, rana ein person i heimen hans. Så grovt som dette ranet var, ville nok ein ikkje ubetydeleg del av den alternative fengselsstraffa ha vore vilkårslaus.
- (37) Den subsidiære straffa i Stavanger tingretts dom 21. juni 2018 var, som nemnt, fengsel i to år. Frå dette må det, som nemnt, trekkjast frå to månader for gjennomført ungdomsstraff. Av dei resterande eitt år og ti månadene meiner eg det er passande at eitt år og to månader blir lagt til straffa for dei nye forholda. Eg legg her særleg vekt på at det er tale om likearta lovbrott, og at lovbrota er gjort kort tid etter den førre ransdommen. Til samanlikning nemner eg at Høgsterett i HR-2019-1757-A kom til at 10 av 16 attverande månader skulle gå inn i fellesstraffa.
- (38) Forsvararen har endeleg gjort gjeldande at delar av den nye felles straffa bør vera fengsel på vilkår. Førarbeida føreset at ein ved omgjerjing av ungdomsstraff som fylgje av nye lovbrott, kan gjera om straffa delvis på denne måten, men ikkje fullt ut, sjå Prop. 135 L (2010–2011) side 166. Eg meiner at det gjev best harmoni med omsyna bak ordninga med omgjerjing og ny felles straff at det i dette tilfellet blir reagert med fullt ut vilkårslaut fengsel.

Konklusjon

- (39) Etter mitt syn er fengsel i tre år og to måneder ei passende samla straff. Konklusjonen byggjer, som nemnt, på at eitt år og to månader av den subsidiære fengselsstraffa frå den tidlegare ungdomsstraffa bør fullbyrdast, i tillegg til fengselsstraffa på to år for dei nye forholda.
- (40) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Tingrettens dom – domsslutninga punkt 1 – blir endra slik at straffa blir sett til fengsel i 3 – tre – år og 2 – to – månader.
2. Til frådrag kjem 611 – sekshundreogelleve – dagar for fridomstap.

- (41) Dommer **Falch:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (42) Dommer **Matheson:** Likeså.
- (43) Dommer **Bergsjø:** Likeså.
- (44) Dommer **Matningsdal:** Likeså.
- (45) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Tingrettens dom – domsslutninga punkt 1 – blir endra slik at straffa blir sett til fengsel i 3 – tre – år og 2 – to – månader.
2. Til frådrag kjem 611 – sekshundreogelleve – dagar for fridomstap.